



Telefon 90680100  
Adresse: Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES  
Orgnr: 985 868 344 mva

## **DYRKOLBOTN FJELLSTOVE**

### **Leirskole og gjestehus**

Lindås kommune

Adresse: [Postmottak@lindas.kommune.no](mailto:Postmottak@lindas.kommune.no)

Dykkar arkivsak 15/3231  
+ DokumentID: 16/31105

Vikanes, 15.11.2016

### **TILSVAR TIL SLARV**

Eg har blitt kjend med at Jorunn Dyrkolbotn (eller eigentleg sonen hennar Bjørn Dyrkolbotn?) framleis skriv brev til kommunen og insinuerar at eg/fjellstova har opptrådt uredeleg, og at det har foregått «lysskye kontaktar» i samband med handsaming av kommuneplanen. Spesielt at Jorunn skal ha blitt holdt uvitande om at fjellstova har planlagt kloakkanlegg på gnr 247 bnr 11 i Dyrkolbotn, og at dette føremålet vart teke inn i kommuneplanen sin arealdel i 2011 etter mi oppmoding bakom hennar rygg.

Eg syner til brev frå dei datert 03.09.2015, 12.01.2016 og 10.11.2016.

Insinuasjonane er usanne og reint viss-vass. Alt eg har føreteke meg har skjedd i ope dagslys, og eg har til og med informert desse folka direkte om våre planar, noko eg ikkje hadde trengt etter vanlege spelereglar. Men eg går ikkje bakom ryggen på nokon, og kjempar meget openlyst og direkte for alt som eg meiner er verdt å kjempe for. Noko som truleg er velkjent for dei fleste...

Eg legg ved dokumentasjon som syner at også når det gjeld kommuneplanen som vart vedteken i kommunestyret i 2011, så gjekk prosessen rett og riktig for seg:

- Vedlegg 1: Brev til kommunen datert 25.01.2009 om våre utbyggingsplanar. Innspel til revisjon av kommuneplanen. Bemerk: Kopi vart sendt direkte frå meg til våre naboar, inklusiv til Jorunn Dyrkolbotn
- Vedlegg 2: Brev til kommunen datert 04.03.2011. Vår uttale til høyringsutkast til kommuneplanen. Offentleg dokument.
- Vedlegg 3: Brev til Jorunn og Jostein Dyrkolbotn datert 21.04.2008. Mellom anna orientering om utbyggingsplanane til fjellstova, og om at det var aktuelt med kloakkanlegg på 247/11. (Jorunn sitt handskrivne svarbrev kan også framleggast om nokon ynskjer det. Eg tek det ikkje med her avdi eg ikkje har skannar)

Vedlegg 4: Tilsvar datert 23.10.2016 til naboklage. Her er fjellstova sin rett til kloakkanlegg på 247/11 dokumentert. Her er også dokumentert kvifor eg no er rettmessig (reell) eigar av 247/11. Jorunn Dyrkolbotn har kun ein formell grunnboksheimel utan reelt eigarskap attom. Som rettighetshavar - og endå meir som reell eigar – har eg sjølvsagt full rett til å fremje våre planar om kloakkanlegg på 247/11 også i kommuneplanssamanheng

I tillegg finst det ein relevant epost datert 25.08.2010 til kommuneplanleggjaren frå underteikna, med anslag over arealbehov og litt utdjuping av våre utbyggingsplanar. Den må også Jorunn Dyrkolbotn så gjerne få kopi av, dersom den kan gjenfinnast i kommunen sitt arkiv. Eventuelt kan eg levere ein kopi på papir, slik at kommunen kan få skanna den inn.

Eg håpar henvisningane ovanfor kan vere til hjelp dersom kommunen ikkje finn att etterspurde brev frå meg til kommuneplan-revisjonen. (Eg har ikkje meir i mitt arkiv)

Eg sender kopi av dette skrivet med vedlegg til dei kommunale sakshandsamarane som ser ut til å ha fått i oppdrag å svare på breva frå mi tante Jorunn Dyrkolbotn. Eg sender også kopi direkte til henne og til sonen Bjørn Dyrkolbotn. Men det er sikkert klokt at kommunen også sender kopi til dei, slik at alle i ettertid kan vere sikker på at dei har fått det. Og at dei har fått imøtegått alt dei vil.

Til slutt vil eg sei at eg vonar at denne saka ikkje vil skremme kommunen frå å snakke med alle som vil snakke med kommunen, - om alt. Det er kommunen si plikt og rett å halde igang ein open dialog med sine innbyggjarar. Ein får berre hugse på at når det kjem fram skuldingar eller andre tvilsame opplysningar, så må «motparten» få kopi og få uttale seg og forsvare seg. Dette vert kalla for det kontradiktoriske prinsippet, og det er eit uttrykk for samfunnsdialogen som kommunen har eit viktig ansvar for å halde igang. Det kontradiktoriske prinsippet er ein av grunnpilarane som sjølve demokratiet bygger på, så det må vi modig halde fast på. Sjølv om denne saka er eit smerteleg døme, og kanskje helst burde vore teia ihel.

Venleg helsing

*Signhild Dyrkolbotn/s*

Kopi til: - Frøydis Ones, adresse Froydis.Ones@lindas.kommune.no  
- Tor Hegle, adresse Tor.Hegle@lindas.kommune.no  
- Jorunn Dyrkolbotn, Dyrkolbotn 50, 5994 VIKANES  
- Bjørn Dyrkolbotn, Dyrhovden 2 , 5993 OSTEREIDET